


**Fra:** Aina Isdal Haugland <ainaisdal@outlook.com>  
**Sendt:** torsdag 8. juni 2023 08:43  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Omsynssone kulturmiljø - tilbygg til løe Isdal 185/5

Hei,

Eg snakka med byggesaksvakta (Anne Lise Molvik) tysdag, og ho ville eg skulle sende eit lite skriv/forklaring til det eg vil ha avklart. Eg ønskjer å riva ein kalvebinge, som er eit tilbygg til ei løe.

Også tidlegare (midten av mars) har eg snakka med byggesaksvakta, og grunna omsynssona viste dei meg vidare til kultur, som eg kontakta dagen etter. Kulturavdelinga ved Bente K. Hervik og fylkeskommunen var i starten av mai på synfaring 23/4120 - 23/38480, og eg fekk svar 1/6. Saka gjeld eit tilbygg til ei løe.

Løa er sett saman av fleire delar, og det er registrert som to ulike bygg. 176244186 er eldst, grindverksbygg, og 176246472, er ein høg, ruvande betongkloss.



Mot nord (186) er grindverksbygget. Her er det gamle tørrmurar som dannar grunnmuren. Den nyaste og minste delen av dette bygget er i betong og eg tippar det er bygd rundt 1960, sjølv om eg ikkje kjenner til nøyaktig tidspunkt. Det er ein kalvebinge på rundt 8 kvadratmeter, 2 m høgt, som stikk litt ut av bygget og som heilt klart og tydeleg er eit nyare tilbygg. Eg har merka den med raudt på biletet. Det er denne eg ønskjer å riva.

*Med venleg helsing*

Aina Isdal Haugland  
90 71 76 15  
185/5